

## Høyring til 'Forslag til endring i eksportkontrollforskriften' frå Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) støttar UHR si høyring til endringsforslaget i eksportkontrollforskrifta. Det er spesifikke innspel frå UHR som HVL ser som spesielt utfordrande :

- at endringane vil få store konsekvensar for internasjonaliseringa ved HVL, innan forskning, utdanning og innovasjon, der HVL vil miste internasjonal kompetanse og hindre institusjonen si utvikling som kunnskaps- og forskingsinstitusjon.
- med allereie eksisterande utfordringar rundt tidsaspektet ved rekruttering – til – tilsetjing, så vil endringsforslaget føre til ytterlegare forseinka tilsettingsprosessar, som vil ramme oppstart og progresjon i HVL sine prosjektaktivitetar. Dette kan føre til at ein unngår å velje søkarar frå land som blir ramma av eksportkontrollforskrifta, og som vil utfordre kompetansebygginga innan utvalde fagområde ved HVL.
- endringsforslaget vil ha negativ innverknad på HVL sitt internasjonale samarbeid, og særleg innan EU-området. HVL ser allereie at lang behandlingstid av søknader i UD utfordrar prosjektoppstart og progresjon, og kan påverke HVL som attraktiv samarbeidsinstitusjon.
- ein streng og generell praktisering av omsynet til sikkerheit rundt «fyrstegongs-publisering» og lisensplikt (kunnskap ikkje tilgjengeleg i det offentlege rom), vil kunne vera i konflikt med målet om open forskning. Her støttar vi UHR si tilråding om at vurdering av lisensplikt rundt publisering og open formidling framleis blir gjort ved institusjonane, og blir følgt opp med godt integrerte lokale system og gode rutinar
- HVL ser seg også ueinig i definering av «grunnforskning» versus «anvendt forskning», der FOU ikkje kan delast inn i separate steg, som skal vera styrande for kva prosjekt som skal ha lisensplikt eller ikkje.

Eit godt og effektivt samarbeid med Utanriksdepartementet vil vera avgjerande for føreseieleg arbeid med tilsetjingar, og tidsforskyvingar i desse prosessane, og vil fungere som ei god støtte til institusjonen.